



# Møtebok for Formannskapet

**Møtedato:** 04.09.2018  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 14:00

Drøftingssak: mogleg realisering av regulerte bustadtomter på Helland  
Orientering om Fylkesmannens handsaming av klagesak om bustadtomt på Mo

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Frank Stian Steinsland	SO	Varamedlem	Vara for Ann Jorunn Farestveit

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
025/2018	Godkjenning av innkalling og saksliste
026/2018	Godkjenning av møtebok
027/2018	Orienteringssaker
028/2018	Avtale om veterinærtenester i Voss vest og Voss aust vakt-distrikt til år 2020
029/2018	Etablering av felles NAV-kontor saman med Masfjorden kommune og Gulen kommune.
030/2018	Oppgradering av fellesareal Modalstunet
031/2018	Sal av kommunal bustad

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vathe Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/232

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
025/2018	Formannskapet	PS	04.09.2018

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

### Formannskapet - 025/2018

#### FOR - behandling:

Samrøystes

#### FOR - vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE - 033, TI - &17	18/232

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
026/2018	Formannskapet	PS	04.09.2018

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

### Formannskapet - 026/2018

#### FOR - behandling:

Samrøystes

#### FOR - vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 24.05.2018

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatile Lilletvedt	FE - 033, TI - &17	18/232

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
027/2018	Formannskapet	PS	04.09.2018

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

#### Formannskapet - 027/2018

#### FOR - behandling:

##### **Klagesak rammesøknad bustad på Kyrkjeteigen.**

Løyve frå Modalen kommune er tidlegare gjeve til tiltakshavar. I saka vart klage frå nabo delvis tatt til følge. Tiltakshavar klaga, og viste til sakshandsamingsfeil. Vedtak vart oppretthalde av FORM. Fylkesmannen oppheva vedtaket. I etterkant er saka handsama administrativt, og det er gjeve rammeløyve. Varaordførar etterlyste vedtaket frå Fylkesmannen som grunnlagsdokument til orienteringssaka. Ordførar understreka at det er råd å ta lærdom i saka.

##### **Bustadtomt (6 stk) på Helland - korleis realisere regulerte bustadtomt m.o.t. veg/vatn/avløp.**

Saka vert teken opp til drøfting grunna henvending frå grunneigar som eig dei 6 regulerte bustadtomtane som ligg på nedsida av barnehagen. Teknisk sjef, Tone S. Skuggevik, orienterte om saka og forslag til alternativ for kommunen : 1) Modalen kommune kjøper tomteområdet frå grunneigar og vidarefører vegvatn/kloakk frå eksisterande felt. 2) Vedkommande som ynskjer å byggje tek kontakt med grunneigar for kjøp, og deretter syt for veg/vatn/kloakk sjølv 3) Kommunen avventer salg/utnytting av 3 ledige tomtar i området før evt. kjøp av meir tomteland.

Drøfting: Ordførar: Vurdere sak inn mot budsjettprosess. Eikefet: Modalen kjøper tomteland og styrer prosessen som heilskap. Varaordførar: ynskjer å få framlagt sak. Vurdere å gå i dialog med grunneigar for pris og mogleg veg vidare. Vidareutvikle Hellandsområdet som heilskap. Konklusjon: administrasjonen utarbeider sak.

**Bustadtilskot:**

2 bustadtilskot på kr 100 000,- er tildelt i sommar.

**Ras oppe ved Mobøen**

Eit ras i april 2018, samt ras i aug. 2018 (mogleg eit ras til er observert). Rådmannen og teknisk sjef var raskt på plass for å gjere ei første vurdering. Det kom stein inn på banedekket (fotballbana). Bana og parkeringsplassen vart stengt. Kontakta geolog for nærare undersøkingar. Foreløpig råd: halde stengt inntil vidare. Ny vurdering kjem innan få dagar. Foreløpig vurdering: sikre lausmassar i fjellsida, undersøke med drone. Sjå nærare på korleis grunnen ser ut på stadar ras kan treffe for å unngå at stein evt. sprett vidare. Administrasjonen føl dette opp.

**Vindkraft**

NVE har ei høyring ute i forhold til kva som skal / ikkje skal vere utbyggingsområde for vindkraft. Høyringsfrist: 20.09.18. Varaordføraren synte kart (kjelde: Strilen). Varaordfører: Modalen kommune bør gje uttale, evt. fellesuttale med andre NH-kommunar, evt. be om utsatt høyringsfrist. Saka bør komme opp i kommunestyret 20. sept. Ordfører: Norsk Vind er invitert til KS-møte 20/9. Norsk Vind Energi har tatt kontakt med adm + grunneigarar i Modalen. Varaordfører: viktig å vurde å invitere andre perspektiv, t.d. naturverninteresser.

2 ulike saker: høyringsuttale og konkret initiativ frå Norsk Vind Energi. Ordfører undersøker evt. utsetjing av høyringsfrist, samt tek kontakt med andre ordførarar i nærområda. Sikre å skrive uttale innan fristen. Norsk Vind Energi vert invitert til KS-møte 20.09.18.

**Brev frå foreldra i barnehagen: bemanningsnorm.**

Invitere barnehagestyrar Grete Urdal til kommunestyret 20.09.18 for å orientere om generell status for barnehagen. Innspel frå foreldre vil bli tatt med i budsjettprosessen utover hausten. Sikre at dette vert tatt med t.d. politisk representant i barnehagen, og at det når budsjettdebatten.

**TV-aksjonen 2018, Kirkens bymisjon.**

Skal Formannskapet gjennomføre aksjonen lokalt slik som i 2017? Ja, seier eit samla Formannskap. Kommunebidraget for 2018: Kr. 20.000,-.

**Eikefet: Kva skjer med biosfæreprosjekt?**

Ordfører: søknad er klar og oversatt. Skal signerast denne veka, deretter vert den sendt.

**Tvistesak**

Ordfører låg fram forslag om å lukke møtet i samband med orientering om status i tvistesak. Forslaget om lukking av møtet under denne orienteringa er heimla i Kommuneleien § 31 pkt 4, som seier at eit folkevalgt organ kan vedta å lukke eit møte når omsynet til personvern krev det. Føresegna krev at det må gjerast ei konkret vurdering der omsynet til personvern vert vegd opp mot ålmenta si interesse av å vere til stades under møtet. Formannskapet var samrøystes i at i denne saka veg personvernet tyngst, og at møtet skal lukkast under ordføraren si orientering. Samrøystes vedteke

**FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA - V50	16/291

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
028/2018	Formannskapet	PS	04.09.2018
	Kommunestyret	PS	

## Avtale om veterinærtenester i Voss vest og Voss aust vakt-distrikt til år 2020

### Forslag til vedtak:

1. Modalen kommune løyver kr 157 500,- i tilskot for 2018, som er Modalen kommune sin eigenandel for å sikre tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i veterinær-vaktområdet (Voss vest og Voss aust). Tilskotet vert finansiert frå Næringsfondet
2. Modalen kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt geografiske veterinær-område på dagtid.
3. Modalen kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinær-vakt i Voss vest vakt-distrikt og Voss aust vakt-distrikt

Vedtaket vert grunngitt med at kommunane i 2008 fekk ansvar for å sikra tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell innanfor ordinær arbeidstid og ansvar for å organisera ein klinisk veterinær-vakt utanom ordinær arbeidstid.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

#### KOMMUNANE SITT ANSVAR FOR VETERINÆRTILGANG

I følgje § 3a i Lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell (dyrehelsepersonelloven) frå 1975, som vart endra med verknad frå 1.1.2008, har kommunane no ansvar for følgjande:

- Kommunane skal syta for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell.
- Kommunane har ansvar for å organisera ei klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid.

Når kommunane fekk denne oppgåva i 2008 låg det ikkje i korta at kommunane måtte leggje ressursar på bordet for å få kabalen til å gå opp, og fram til og med 2017 vart det aller meste av kommunane sine utgifter dekkja av tilskot. No i 2018 er kommunane i våre vakt-distrikt komen i den situasjonen at det er naudsynt med ein kommunal eigenandel på om lag 140 000 kr i året for å fylla ansvaret som lova pålegg, sjølv om våre distrikt er kommunar med aktivt landbruk og mange husdyr.

#### VETERINÆRTILGANG PÅ DAGTID

I stadig større delar av Noreg er landbruket inne i ei negativ utvikling, med reduksjon i tal bruk og tal dyr. Verknaden vert at næringsgrunnlaget for veterinæranerane vert svakare. I dette høve har kommunane ansvar å sikre tilstrekkeleg veterinærvakt på dagtid i næringsssvake område. Det er frå Staten avsett stimuleringsstilskot til føremålet. Kommunane i Voss vest og Voss aust søkjer om felles tilskot for veterinærområda kvart år. I 2018 fekk områda kr 400 000,- i stimuleringsstilskot. Kommunane i vakt-distrikta deler midlane likt seg imellom, og beløpet kjem til avtrekk når den kommunale eigenandelen kvart år vert rekna ut(sjå vedlegg «Økonomi nytt vakt-distrikt»).

For å sikre fast veterinærdekning, teikna Vaksdal kommune og Modalen kommune våren 2017 avtale med veterinær Asle Bjørgaas om dyrehelsetenester på dagtid i kommunane fram til 31.12.2020. Kommunane garanterer der tilsaman for inntil kr. 300 000,- årleg i kompensasjonsmidlar frå dei to kommunane. Vaksdal kommune skal dekkje 70 % av årleg finansieringsbehov og Modalen kommune 30%. Denne avtalen vert no teken inn som ein del av den nye heilskapelege avtalen om veterinærtenester i Voss aust og Voss vest vakt-distrikt fram til 2020.

#### VETERINÆRVAKT UTANOM ORDINÆR ARBEIDSTID

Den kliniske veterinærvakta utaom ordinær arbeidstid, vert også organisert av kommunane i dei to vaktområda (Voss vest og Voss aust). Staten har avsett midlar som skal dekkje kostnadane med vakta (minimumsgodtgjersle). For 2018 har våre to vakt-distrikt motteke kr 1.439.089,- i vakttilskot og kr 68.082,- i administrasjonstilskot. Administrasjonen av ordninga har gått på rundgang mellom kommunane, og Staten betaler ut tilskot til administrasjonskommunen. Etter påtrykk frå Landbruksdirektoratet, som fann det krevjande å stadig halde seg til nye ansvarlege for veterinærvakta, har dei andre kommunane oppmoda Voss kommune om å vere fast administrasjonskommune.

#### ÅRLEG FINANSIERINGSBEHOV

Etter utlysing av tilbodskonkurransse om deltaking i veterinærvakta, vart det i 2013 inngått avtale for åra 2014-2017, med høve til forlenging for åra 2018 og 2019. Veterinæranerane krev at kommunane må leggja meir midlar i potten for å få til ei forlenging utover 2017. Årlege kostnader er kr 1.245.000,-, redusert med stimuleringsstilskot som for 2018 er kr. 400 000. Fordelt på 6 samarbeidskommunar, vert det kr 140 833,- per kommune.

I 2018 kjem eit tillegg på kr 100 000,- som tilskot for rekruttering av ny veterinær. Dette svarer til kr. 16.667,- per kommune. For 2018 samla vert Modalen kommune sin del kr 157.500,-. I 2019 vert den redusert til kr. 140 833,-.



Våre vakt-distrikt har i dag 3-delt vakt. Med rekrutteringstilskotet er målet på sikt å få minimum ei 3,5- delte vakt. I tillegg til kontraktdokument frå 2013 er det gjort ein tilleggsavtale i 2018 som omtalar desse kostnadane. Kommunane har teke atterhald om kommunal godkjenning i alle 6 kommunar for at tillegg til kontrakt skal gjelda.

#### EIDFJORD KOMMUNE SOM NY SAMARBEIDSPART

På grunn av vegstenging av Rv. 13 ved Deildo i Sørfjorden dei siste 2-3 åra har veterinærar frå våre veterinær-område handtert det geografiske området nord for Deildo, som ligg i eit anna veterinær-område (Hardanger). Eidfjord kommune har gode erfaringar med denne praksisen, og ynskjer overgang til våre område. I dette høve vart det sett i gong arbeid for å involvere Eidfjord i Voss Aust og å få på plass ny avtale med veterinæranane. Landbruksdirektoratet vart orientert om prosessen og planane. I første omgang var tilbakemeldinga at det ikkje vil følgje pengar med overgangen. Til slutt var svaret at direktoratet ikkje kan godkjenne endringa, og heile vakttilskotet til Voss aust vil bli trekt ved gjennomføring (gjeld vakt utanom ordinær arbeidstid). Argumentasjonen vart mellom anna at Landbruksdirektoratet, som har ansvaret for geografisk veterinær-aktivitet, vil avventa ei omorganisering til ny kommunestruktur er på plass i 2020.

#### Vurdering

##### KOMMUNAL FINANSIERING/ØKONOMI

Modalen kommune har tidlegare år budsjettet med inntil kr. 30 000,- i årleg kostnad for å sikre tilstrekkeleg veterinær-tilgang i kommunen. Dette er vesentleg mindre enn kommunen sin part av utrekna felleseutgifter for 2018 på totalt kr 157 500,- og det er difor ikkje budsjettdekning for dei auka utgiftene i år.

Rådmannen ser det som viktig framover at kommunane er med å leggja til rette slik at oppdragsmengda for veterinæranane på dagtid vert oppretthalde. Dette kan skje gjennom å vekse på kjæledyr og hest. Det andre vekstområdet er at veterinæranane overtek meir inseminering av storfe. Ved å oppretthalda oppdragsmengda på dagtid, vert det fleire å fordela på vakt på og trongen for tilskot minkar.

##### VOSS KOMMUNE SOM ADMINISTRASJONSKOMMUNE

Rådmannen meiner etablering av fast administrasjonskommune vil gje god praksis og kontinuitet, og ser det som naturleg av Voss kommune har den funksjonen. Etableringa med ein fast administrasjonskommune, er òg i tråd med direktoratet sitt ønskje.

##### EIDFORD KOMMUNE SOM DEL AV VOSS AUST

Dagens inndeling av veterinær-område er først og fremst knytt til vakt utafor ordinær arbeidstid. Bruk av veterinærar på dagtid er ikkje styrt av dette. Løysinga vert difor at vi samarbeider med Eidfjord på dagtid og beheld vakt på kveld og helg med eksisterande inndeling, men der veterinæranane innafor Voss vest og Voss aust stiller opp i nabo-område når vegen er stengt.

#### Konklusjon

Med bakgrunn i saksutgreiinga ovanfor vil rådmannen tilrå at Modalen kommune godkjenner tillegg til kontrakt med dei auka kostnadane det inneber, at Eidfjord kommune kjem inn som ny samarbeidspart på dagtid, og at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinære tenester frå 2018.

## **Formannskapet - 028/2018**

### **FOR - behandling:**

Rådmannen orienterte om saka.

Linda Neset: har det vore vurdert samarbeid med t.d. Gulen, Masfjorden. Rådmannen: direktoratet deler inn vakt-distrikta, som igjen styrer samarbeidsaktørar. Om ein vel å gå inn i eit anna vakt-distrikt, kan ein miste tilskotet frå staten.

Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

1. Modalen kommune løyver kr 157 500,- i tilskot for 2018, som er Modalen kommune sin eigenandel for å sikre tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i veterinærvaktområdet (Voss vest og Voss aust). Tilskotet vert finansiert frå Næringsfondet
2. Modalen kommune gjev si støtte til at Eidfjord kommune vert del av vårt geografiske veterinærområde på dagtid.
3. Modalen kommune samtykker i at Voss kommune vert fast administrasjonskommune for veterinærvakt i Voss vest vakt-distrikt og Voss aust vakt-distrikt

Vedtaket vert grunnlagt med at kommunane i 2008 fekk ansvar for å sikra tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell innanfor ordinær arbeidstid og ansvar for å organisera ein klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid.

### **Vedlegg:**

Avtale Vaksdal og Modalen 2017-2020

Økonomi nytt vakt-distrikt

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE - 026	18/183

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/2018	Formannskapet	PS	04.09.2018
	Kommunestyret	PS	

## Etablering av felles NAV-kontor saman med Masfjorden kommune og Gulen kommune.

### Forslag til vedtak:

1. Modalen kommune tek del i felles NAV-kontor saman med Gulen kommune og Masfjorden kommune gjennom ein vertskommuneavtale etter kommunelova § 28. Masfjorden kommune vert vertskommune.
2. Modalen kommune er positiv til at også Fedje kommune og Austrheim kommune tek del i felles NAV-kontor saman med kommunane Modalen, Masfjorden og Gulen.
3. Organisering av nytt NAV-kontor vil komme fram av ny partnerskapsavtale.
4. Nytt NAV-kontor for kommunane Gulen og Masfjorden er planlagt frå 01.11.18, med oppstart 01.01.19. Modalen kommune sluttar seg til denne framdriftsplanen.
5. Det skal vere min. 1 dag i veka kor NAV-kontor i Modalen skal vere bemanna slik at kommunen sine brukarar kan komme innom, evt. etter avtale.

Modalen kommune stiller kontor/møterom til rådvelde.

6. Tenestene som inngår i nytt felles NAV-kontor tilsvarer minimumstenester, jfr. § 13 i Lov om sosiale tenester. Desse omfattar:
  - Opplysning, råd og rettleiing, herunder økonomisk rådgjeving.
  - Økonomisk stønad til livsopphald.
  - Mellombels butilbod.
  - Individuell plan.
  - Kvalifiseringsprogrammet.
  - Aktivitetsplikt.
  - Gjeldsrådgjeving.

Samkøyring av tenester utover basistenestene med utgangspunkt i kva kommunane sjølve finn mest fordelaktig kan finne stad i fortsetjinga.

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Modalen kommune si NAV-teneste er organisert i form av 20 % stillingsressurs kommunal, og 40 % statleg. Kommunen mottok refusjon for den statlege delen. Den som i dag er tilsett i NAV Modalen, er også tilsett i NAV Masfjorden slik at stillinga til saman utgjer 100 %.

Det har gått føre seg ein prosess i Masfjorden og Gulen om samanslåing av dei to kommunane sine NAV-kontor. Rådmannen i Modalen hadde 3. april 2018 møte med leiar for NAV Masfjorden, Wenche Midthun – som også er leiar for det statlege NAV i Modalen - og leiar for NAV Nordhordland, May Hundvin. Her vart det invitert til nærare samarbeid om Modalen også kunne tenkje seg å ta del i eit mogleg felles NAV-kontor med Masfjorden og Gulen. Hundvin hadde i tillegg ei orientering til kommunestyret i Modalen i juni 2018.

I etterkant av dette har Fedje kommune drøfta korleis dei ser føre seg NAV-tenesta si. Dei ynskjer primært eit felles NAV-kontor for alle dei 5 kommunane. Dersom det ikkje lukkast ser dei føre seg samarbeid om felles kontor med Austrheim, jfr. KS-vedtak 19.06.18.

Austrheim kommune gjorde vedtak i kommunestyret 21.08.18 om å gå i drøftingar om eit felles NAV-kontor med kommunane Fedje, Modalen, Masfjorden og Gulen. Sekundert ynskjer Austrheim kommune opprette felles NAV-kontor for Fedje og Austrheim.

### *Endringar i NAV*

Det ligg føre fleire omstillings- og moderniseringsprosessar av NAV. NAV Sogn og Fjordane og NAV Hordaland skal bli til NAV Region Vest. På småkontora rundt i distrikta har bortfall av minstekontorgarantien ført til at det til dømes ikkje vert tilsett i statlege stillingar ved naturleg avgang. Dette gjev reduksjon i den totale bemanninga mange stadar. Utviklinga går mot større einingar kor ein kan utvikle kompetanse og kontinuitet. Ein ser føre seg større einingar der ca. 30 stillingar er eit måltal (jfr. prosjektmandat NAV Gulen og NAV Masfjorden).

NAV har hatt stor utvikling på digitalisering av sine tenester. I hovudsak har dette gått føre seg på den statlege delen. Denne utviklinga er også undervegs innanfor dei kommunale tenestene. Dette gjer at det i mykje mindre grad er «drop-in» på kontora. Det er sterkare fokus på å nå dei brukarane som treng NAV mest, og gje dei best mogleg oppfølging. Dette vil skje gjennom avtalte møter lokalt. Satsing på digitalisering skal føre til vinstrealisering, noko som fører til at NAV stat har fått reduksjon i sine rammer frå staten.

### Vurdering

Det vil kunne vere både fordeler og ulemper for Modalen å ta del i samarbeidet om felles NAV-kontor. Det grunnleggjande er at det skal vere ei kvalitativt god teneste for innbyggjarane våre og at det skal vere ei effektiv drift. Krava til tenestene aukar. Svara på dette er i stor grad fagleg spesialisering innanfor NAV, kompetanse hjå dei tilsette, form for organisering og leiing.

Ufordringar med den løysinga Modalen har i dag er knytt til sårbarheit på eit kontor med *ein* tilsett i til saman 60 % stilling (kommunal og statleg). Dette fører m.a. til at den tilsette må forholde seg til 2 ulike leiarar. Det er sannsynleg at eit NAV-kontor med fleire tilsette med ulike fagkompetansar/erfaringsgrunnlag, samt ein felles leiar (fagleiar), vil kunne imøtekomme krava som vert stilt til NAV i Modalen på betre vis. Masfjorden og Gulen peiker og på at det er krevjande å drifte deira kontor med berre ein tilsett. Modalen deler stilling for kommunalt NAV med Masfjorden

NAV Modalen er i tillegg sårbar m.o.t. både planlagt og ikkje planlagt fråver. Ved fråver er det NAV Masfjorden v/leiar som ivaretek dei statlege oppgåvene. Dei kommunale oppgåvene må løysast på anna vis. Dette er ein funksjon kor det er vanskeleg å kople inn vikar. Resultatet er ofte stengt/reduisert tilgang til kontoret. I mange samanhengar er det velvilje frå den tilsette som løyser utfordringane.

NAV Modalen er ei så lita eining at det er krevjande å utarbeide planar for området i tillegg til ordinær sakshandsaming. Det krevst fagkunnskap å kunne analysere grunnlag for behov slik at det kan utarbeidast strategiske planar over tid for å imøtekomme aktuelle utfordringar utover dei som gjer seg synleg som einskildmenneske som møter opp på kontoret. Eit kontor med ulike kompetansar vil kunne fordele arbeidsområde, planlegge, støtte og hjelpe, avlaste og motivere utover det som er reelt i dag.

Det er viktig for NAV å kunne auke måloppnåinga knytt til *fleire i arbeid / aktivitet, og færre på passive ytingar*. Eit felles kontor vil i større grad kunne arbeide med å spisse dei ulike kompetansar t.d. inn mot næringsliv. Slik arbeider ein meir heilskapleg. Dette gjev betre utnytting, og vidareutvikling av aktuelle virkemiddel / tiltak. Eit felles NAV-kontor må sjå på evt. frigjering av ressursar som kan rettast mot brukarar gjennom betre ressursutnytting.

*Tenester som foreløpig ikkje vert inkludert i nytt felles NAV-kontor.*

Modalen kommune vil i fortsettinga også ta hand om m.a:

- Avlastning barn under 18 år.
- Støttekontakt
- Rusoppfølging
- Følgjekort
- Husbank – Startlån
- Ansvar og administrasjon av introduksjonsprogrammet.
- Busetting og oppfølging av flyktningar.

Det vil vere naturleg at det i eit nytt felles NAV-kontor vert drøfta samkøying av tenester utover basistenestene med utgangspunkt i kva kommunane finn mest fordelaktig.

### *Samarbeidsalternativ*

Med eit samarbeid om NAV-kontor vurderer rådmannen at ein kan styrke kvaliteten på tilbodet. Tenesta skal kunne tilby heilskaplege tenester for brukarar, arbeidsgjevarar, næringsliv og samarbeidspartar. Ved å samkøyre kommunalt og statleg NAV under felles leiing og med fleire felles

ressursar, vert det eit betre utgangspunkt. Det vil vere eit poeng at det ved nyrekruttering (når det vert aktuelt) er eit fortrinn å kunne tilby eit kompetansemiljø som sikrar attraktive arbeidsplassar innanfor NAV-tenesta.

Det føreligg fleire alternativ for framtidig kommunalt NAV for Modalen:

1. Modalen held fram med løysinga slik som i dag. Her er det i den øvrige saksutgreiinga vist til fordeler ved å vere eit større og meir robust kontor.
2. Modalen vender seg mot NAV Lindås/Alver. Her viser leiar for NAV Nordhordland, May Hundvin, til at det frå politisk hald i Alver-kommunane er gjeve klare signal om at dei ikkje ynskjer å drøfte samarbeid med kommunar utover dei 3 som frå 2020 skal slå seg saman.
3. Modalen slår seg saman med Masfjorden kommune og Gulen kommune og dannar felles kontor med Masfjorden som vertskommune.
4. Modalen slår seg saman med kommunane i pkt. 3, samt at også Fedje kommune og Austrheim kommune tek del.

Rådmannen si vurdering er at løysinga i alt. 3 er det beste alternativet, og at Modalen kommune ynskjer kommunane i pkt. 4 velkomne dersom dei også vel å ta del saman med kommunane Masfjorden, Gulen og Modalen.

#### *Innspel frå tilsette – fordeler og ulemper*

Det er ikkje gjort undersøkingar i Modalen NAV om kva dei tilsette vurderer. Likevel er det råd å leggje til grunn at vår tilsett er ein del av statleg og kommunalt NAV i Masfjorden, og at det her har vore gjennomført prosessar kor tilsette har fått kome med sine vurderingar.

Frå Masfjorden og Gulen vart det m.a. vist til at ulemper er knytt til mogleg lengre reiseveg for tilsette, lengre reiseveg for brukarar, lengre reiseveg for samarbeidspartnarar. Dette vil ikkje endre seg i Modalen dersom ein opprettheld lokal kontordag slik som i dag. Det vart og vist til mogleg redusert «eigarforhold» til sine brukarar. Dette vil i mange høve vere tosidig då brukarar til tider uttrykker behov for å kunne byte sakshandsamar. Til slutt viser ein til at det er uavklart kvar eit evt. satelittkontor under Knarvik skal vere. Signala frå Hundvin er at det er grunnlag for å gå vidare med planane for felles kontor i Masfjorden.

Fordeler tilsette i Masfjorden og Gulen peiker på som også er relevante for Modalen:

- Tverrfagleg kompetanse vert betre.
- Betre utveksling av kompetanse.
- Felles NAV-identitet – samhald.
- Fleire til stades – tilgjenge.
- Styrka kompetanse og større fagmiljø.
- Mindre sårbarheit ved fråver, betre habilitet.
- Meir robust – fleire å spele på.
- Meir spesialistar – færre generalistar.

Andre aktuelle fordelar:

- Brukarane kan få betre og meir kvalitetssikra tenestar.
- Betre kommunikasjonsflyt internt
- Betre kompetanseutnytting.
- Mogleg å utvikle spisskompetanse.
- Betre oppfølging av bedrifter – samarbeidspartar.
- Fleire ressursar. Etter kartlegging på kontora i Gulen og Masfjorden finn ein følgjande fag representert: sosionom, sjukepleiar, vernepleiar, barnevernspedagog, spesialpedagog, samfunnsvitar, helsesøster, personalorganisasjon, psykologi og arbeids- og forvaltningsrett.

### *Økonomi og administrasjon*

Det er i denne samanheng ikkje rekna kva økonomiske konsekvensar eit felles NAV-kontor vil få for Modalen. Hovudfaktorar vil vere løn til tilsette, løn til leiar for kontor, felles kontorutgifter, felles kontorleige.

Det er sannsynleg at dei faste kostnadane vil stige noko sidan ein skal kunne vende seg til felleskontoret også utover den eine dagen det er ope i Modalen. I tillegg vil innbyggjarane få tilgang til øvrig kompetanse/personar på felleskontoret med utgangspunkt i det behovet den einskilde har.

Samstundes kan ein gjennom eit felles NAV-kontor i større grad kunne ha eit fagleg blikk på korleis utgiftene knytt til tiltak i Modalen også skal kritisk vurderast.

NAV-kontoret er ei teneste som i høg grad må målast på kvalitative verdiar og langsiktig utvikling. Me legg til grunn at felleskontoret også vil nytte ressursar inn mot bedrifter/næringsliv – noko som også fordrar ressursar frå felleskontoret.

Masfjorden kommune vil vere vertskapskommune for nytt felles NAV-kontor. Avgjersler og vedtak vert gjort av vertskommunen. Samarbeidet mellom vertskommunen og dei samarbeidande kommunane vert regulert gjennom ein detaljert samarbeidsavtale. Modalen kommune vil refundere utgifter etter avtale.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Modalen kommune tek del i etableringa av felles NAV-kontor saman med Masfjorden kommune og Gulen kommune. Dersom Fedje kommune og Austrheim kommune ønskjer å slutte seg til felleskontoret er Modalen kommune positiv til dette. Masfjorden vert vertskommune og det vert utarbeid vertskommuneavtale.

Organisering av nytt felles NAV-kontor vil komme fram av ny partnerskapsavtale.

Masfjorden kommune og Gulen kommune har planlagt å etablere nytt felles NAV-kontor frå 01.11.18, med oppstart 01.01.19. Modalen kommune sluttar seg til denne framdriftsplanen.

Det skal vere min. 1 dag i veka kor det er bemanna NAV-kontor i Modalen. Her skal brukarar kunne komme innom med eller utan avtale. Modalen kommune stiller kontorlokal til rådvelde.

Tenestene som inngår i felles NAV-kontor er minimumstenester, jfr. § 13 i Lov om sosiale tenester. Dersom det skal tilleggjast fleire tenester vert dette som eit resultat av kva den einskilde kommune finn mest fordelaktig.

## **Formannskapet - 029/2018**

### **FOR - behandling:**

Assisterande rådmann orienterte om saka og svara på spørsmål.  
Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

1. Modalen kommune tek del i felles NAV-kontor saman med Gulen kommune og Masfjorden kommune gjennom ein vertskommuneavtale etter kommunelova § 28. Masfjorden kommune vert vertskommune.
2. Modalen kommune er positiv til at også Fedje kommune og Austrheim kommune tek del i felles NAV-kontor saman med kommunane Modalen, Masfjorden og Gulen.
3. Organisering av nytt NAV-kontor vil komme fram av ny partnerskapsavtale.
4. Nytt NAV-kontor for kommunane Gulen og Masfjorden er planlagt frå 01.11.18, med oppstart 01.01.19. Modalen kommune sluttar seg til denne framdriftsplanen.
5. Det skal vere min. 1 dag i veka kor NAV-kontor i Modalen skal vere bemanna slik at kommunen sine brukarar kan komme innom, evt. etter avtale.

Modalen kommune stiller kontor/møterom til rådvelde.

6. Tenestene som inngår i nytt felles NAV-kontor tilsvarer minimumstenester, jfr. § 13 i Lov om sosiale tenester. Desse omfattar:
  - Opplysning, råd og rettleiing, herunder økonomisk rådgjeving.
  - Økonomisk stønad til livsopphald.
  - Mellombels butilbod.
  - Individuell plan.
  - Kvalifiseringsprogrammet.
  - Aktivitetsplikt.
  - Gjeldsrådgjeving.

Samkøyring av tenester utover basistenestene med utgangspunkt i kva kommunane sjølve finn mest fordelaktig kan finne stad i fortsetjinga.



**Vedlegg:**

Ynskje om etablering av felles Nav-kontor

NAV organisering.pdf

Rapport om NAV Austrheim og Nav Fedje. Etablering av felles NAV-kontor k...

Om etablering av felles NAV-kontor

Rapport alternativ organisering av NAV tenester for Gulen og Masfjorden

Prosjektmandat NAV Gulen og NAV Masfjorden, endeleg

Vedtaksbrev(1) Masfjorden

Rapport alternativ organisering av NAV tenester for Gulen og Masfjorden

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FE - 614, TI - &46	17/224

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/2018	Formannskapet	PS	04.09.2018
	Kommunestyret	PS	

## Oppgradering av fellesareal Modalstunet

### Forslag til vedtak:

Rådmannen rår til at det vert gjort ei ekstraløyving på kr 500 000,- til prosjektet oppgradering av fellesstova og arbeidsstova på Modalstunet. Samla løyving vert då kr. 2 000 000,-.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Modaltunet vart bygd i 1985, og hadde då 12 bebuarrom i tillegg til fellesareal. I 1995 vart det bygd eit tilbygg med 4 bebuarrom og tilhøyrande vetlestove. Denne fløyen var tiltenkt demente, men har heile tida vore nytta til vanleg drift. 4 av bebuarromma i den gamle delen vart omdisponert til anna bruk slik som kontorføremål, fysioterapi og utvida vaskeri. I 2012 vart korridor for bebuarrom oppgradert og det vart laga ny hovudinngang. I perioden 2013 – 2016 vart 6 bebuarrom oppgradert til ein meir tidsmessig standard med nytt bad og full opprusting av romma, funksjonar og nytt møblement.

Det er trong for å oppgradere fellesstova og arbeidsstova.

#### Vurdering

Kommunestyret har tidlegare fått ei orientering om budsjettkostnadar for planlagt prosjekt.

Budsjettkostnad 19.04.2018. : Samla entreprisekostnadar kr. 1 468 750,- inkl. mva.

**Budsjett ved tilbod: 15.06. 2018.** : Samla entreprisekostnadar kr 1769 515,- inkl. mva.

Kostnader med prosjektering og byggjeleing/administrasjon er ikkje inkludert i budsjettkostnad.  
Fordeling :

- Interiørarkitekt kr 60 000,- + mva
- Rådgjevande ingeniør kr 100 000,- + mva.

**Samla budsjettkostnad ved tilbod kr 1 969 515,- inkl.mva**

Omfanget av arbeidet er er lista opp i «**Budsjettkostnader – Oppgradering av felles stove**», sjå **vedlegg 1**.

#### **Orientering om prosjektet:**

I kommentarar til investeringsbudsjettet 2017– 2020 ( i økonomiplan og årsbudsjett 2017 – 2020 s. 32) heiter det:

Oppgradering fellesareal Modalstunet.

Det er trong for oppgradering av fellesareal i arbeidsstove og fellesstove. Måling av tak og vegger, nytt golv og møblar.

Budsjettert kostnad i 2017 kr 500 000,-.

I kommentarar til investeringsbudsjettet 2018 – 2021 ( i økonomiplan og årsbudsjett 2018 – 2021 s. 33) heiter det.

Oppgradering fellesareal Modalstunet.

I investeringsbudsjettet for 2017 vart det satt av kr 500 000,- til oppgradering av fellesareal på Modalstunet. Det var møte og synfaring den 10.02.2017 i fellesstova i lag med einingsleiar, interiørarkitekt, rådgjevande ingeniør og teknisk sjef. Det kom innspel på nye behov som medfører auka kostnader i høve til det som var satt av i budsjettet.

Vurderinga syner at det er trong for oppgradering av fellesstova og arbeidsstova. Nye møblar, gardiner og solskjerming, maling og utbetring av vindauge, dører, vegger og tak, oppretting av skeive golv, nytt belegg, belysning, fjerning av vegg til eine stova, foldevegg.

Prosjektet vart dyrare enn forventa, grunna endra behov og innspel. Prosjektet er igjen teken inn i økonomiplanen for 2018 – 2021.

Budsjettert kostnad i 2018 kr 1 500 000,-.

Vedteke i kommunestyret – sak 062/2017.

**Anskaffelse:** Utarbeiding av forslag til oppgradering og ombygging av fellestova/arbeidstova på Modalstunet, er utført av ei arbeidsgruppe bestående av pleie og omsorgsleiar Margrete L. Kvamme, verneombod Kristin Helgadottir Meiling, prosjektrådgjevar ingeniør Edvin Haugsbø, interiørarkitekt Unni Bryn og teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik.

Edvin Haugsbø og Unni Bryn har utarbeida beskriving for ombygging og laga konkurransegrunnlag for utføring. Arbeidet har vore ute på forespørsel, der tømrrar skal vere hovudentreprenør. Arbeidet skal

leggjast opp slik at det vert teke omsyn til brukarane i bygget.

Bygget skal vere i full drift i heile anleggsperioden. Det må difor vere tett samarbeid mellom entreprenør og brukaren, slik at ulempene vert redusert mest mogeleg. Framdrift og organisering av arbeida må tilpassast dette.

3 entreprenørar på elektro fekk utlevert tilbodsgrunnlaget og 3 entreprenørar på byggfag fekk utlevert tilbodsgrunnlaget.

Då fristen gjekk ut var det to på elektro som leverte tilbod. Mest fordelaktig var Helland Elektro AS som kom billigast ut. På byggfag var det berre ein entreprenør som leverte tilbod. Det var Betongindustrien AS.

### **Konklusjon**

Rådmannen er av den meining at ei oppgradering av fellesstova og arbeidsstova er viktig av omsyn til brukarane, til dei tilsette, besøkane på dagtilbod og andre som kjem på besøk. Rådmannen rår til at det vert gjeve ei ekstra løyving på kr 500 000,-. Samla løyving vert då kr. 2 000 000.

## **Formannskapet - 030/2018**

### **FOR - behandling:**

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om saka, gjekk gjennom tilboda som danna grunnlag for framlegget om ekstraløyving og svara på spørsmål.

Ordførarar låg fram forslag om å redusere ekstraløyvinga til kr 450 000,- og samstundes ta ut korkbelegget, som er estimert til kr 42 000 kr,- ,frå prosjektet. Formannskapet slutta seg samla til dette forslaget.

Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

Formannskapet rår til at det vert gjort ei ekstraløyving på kr 450 000,- til prosjektet oppgradering av fellesstova og arbeidsstova på Modalstunet. Samla løyving vert då kr. 1 950 000,-.

Korkbelegget til kr 42 000,- vert tatt ut av prosjektet.

### **Vedlegg:**

Modalstunet

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tone Selmer Skuggevik	FE - 613, TI - &55	18/238

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
031/2018	Formannskapet	PS	04.09.2018

## Sal av kommunal bustad

### Forslag til vedtak:

Rådmannen rår til at bustaden Kleivane 20, gnr.77 bnr. 52 i Modalen kommune vert lagt ut for sal hausten 2018.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

Eigedomen, Kleiane 20 er bygd i 1985 og består av hovudleilighet og hybelleilighet. Bustaden står no tom. Det er skifta tak og vindauger i heile bustaden etter 2010. Hovudleilighet er i dårleg stand og treng omfattande oppgradering. I hybelen treng badet vølast.

Kommunestyret gjorde følgjande vedtak KS-006/11:

«Bustadar kan lysast ut for sal når leigeavtale opphøyrer og etter godkjenning av Formannskapet»

Kommunen har bunde ein vesentleg kapital i sine bustadar. Det er derfor ei politisk avgjerd om kommunen skal selje ein eller fleire bustadar for å frigjere kapital til nye investeringar.

#### Vurdering:

##### Status kommunale bustadar:

Modalen kommune har i dag 27 bueiningar som er slik fordelt:

Øvre Helland:	10 stk bueiningar
Mo:	8 stk bueiningar
<u>Kleivane :</u>	<u>9 stk bueiningar</u>
Sum bueiningar i kommunen	27 stk bueiningar

### Vedlikehald og standard på kommunale bygg :

Dei kommunale bustadane har vorte jamleg vedlikehaldne. Innvendig vedlikehald skjer stort sett ved fråflytting og før ny leigetakar flyttar inn. I mange av dei eldre husværa er det lagt ny parkett på golv, vedomner har vorte bytt ut og nye kjøkken er vorte montert. På bada har det ved flerie høve vorte montert dusjkabinett. Problem med elektrisk anlegg, vatn og avlaup og lekkasjar vert forsøkt utbetra etter kvart som dei oppstår. Til leigetakarar som sjølv har hatt ynskje om å male enkelte rom har teknisk etat kjøpt inn maling medan arbeidet er utført av dei sjølve. Til utvendig malingsarbeid har kommunen leigd inn malingsfirma, nytta vaktmeistrane og skuleelevar. Som eit resultat av dette, meiner vi at eigedomsmassen til kommunen har ein god standard sett i høve til alder på bustadmassen.

### Registrert etterspørsel for leige av bustadar august 2018:

Modalen kommune har for tida 4 stk ledige husværa på Øvre Helland og 2 stk ledige husværa på Kleivane. Tilsaman 6 ledige husværa. Etterspørsel varierer.

Sal av Kleivane 20 kan nyttast til å byggje nye husværa, eller finansiere andre ordningar til bustadutvikling. Det vil verte ein stor kostnad for kommunen å oppgradere bustaden. Sal av kommunale husværa vil redusere vedlikehaldsutgifter, frigje kapital og få ned alderen på bustadmassen i kommunen. Det kan vere positivt for å redusere auka driftsutgifter på eldre bustadar.

### **Konklusjon**

Kommunen takserar eigedomen Kleivane 20. Rådmannen rår til at bustaden Kleivane 20 gnr.77 bnr. 52 i Modalen kommune vert lagt ut for sal hausten 2018.

### **Formannskapet - 031/2018**

#### **FOR - behandling:**

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om saka.  
Samrøystes vedteke

#### **FOR - vedtak:**

Bustaden Kleivane 20 (gnr.77 bnr. 52) i Modalen kommune vert taksert og lagt ut for sal hausten 2018.